

Flott 5.plass i EM!

14.07.2017



Ingar Kiplesund saman med foreldra og bestemora på Haugland i fjor sommar.

Lengdehopparen Ingar Kiplesund, med mor frå Haugland i Uskedalen, hadde EM U23 i Bygdoszcz i Polen som eit av dei store måla for sesongen. Og han infridde til fulle! I går kvalifiserte han seg til finalen, og i kveld gjorde han ein strålende innsats då han vart nr.5 blant dei 12 finalistane. Besteresultatet hans vart 7,59 m.

Ingar Kiplesund fekk opp besteresultatet 7,59 allereie i første hopp. Deretter fulgte så 7.51, 7.13, 7.54, eit nytt hopp på 7.59 før han avslutta med eit dødt sprang. Kiplesund viste utruleg jamn og stabil form under meisterskapet. I kvalifiseringa og finalen hadde han til saman heile 4 hopp på besteresultatet 7,59, to i kvalifiseringa og to i finalen. Eit glimrande meisterskap av Ingar Kiplesund som framleis berre er 20 år gammal!

Ingar Kiplesund har personleg rekord på 7,76 og årsbeste på 7,73.

Fredag vart ein svært god dag for dei norske friidrettsungdommane. I tillegg til Kiplesund sin flotte 5.plass vart også den første norske medaljen i meisterskapet sikra. Jonathan Quarcoo fra Orion tok bronsemedaljen på 100 meter med 10.29. Den store stjerna Karsten Warholm har kvalifisert seg til finalen både på 400 m hekk og 400 m flatt.

Uskedalen.no møtte Ingar Kiplesund i fjor sommar då ham var på besøk hos bestemor på Margot Haugland. Om det kan de lesa [HER](#).

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland